

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

---

<b>Dato</b>	17.03.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/40566-2
<b>Dykkar referanse</b>	23/26 - 3 / CMS
<b>Sakshandsamar</b>	Kari Elster Moen
<b>E-post</b>	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	95288829

## Uttale til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - oppføring av tre naust - gnr. 157 bnr. 60 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg viser til dispensasjonssak sendt oss til uttale 23.02.2023.

Det er søkt om oppføring av tre naust innanfor gjeldande reguleringsplan. Søkar treng dispensasjon fordi det berre er regulert til eitt naust på staden.

Vestland fylkeskommune uttalar seg her som eigar og forvaltar av fylkesveg. Vi har ansvar for mellom anna at trafiktryggleik og framkome på fylkesvegen er ivarettatt. Om andre i fylkeskommunen skal uttale seg til saka, gjer dei det i eige brev.

Tiltaket ligg innanfor reguleringsplan for Buholmen med planid: 2006005. Det er regulert avkøyrsløse til fylkesveg 5506 i planen. Men ettersom tiltaket medfører auka bruk av avkøyrsla til tre i staden for eitt naust, må det gjerast ei vurdering av om avkøyrsla har kapasitet til den auken. Kommunen kan behandle ei slik sak som ein del av dispensasjonsvurderinga etter plan- og bygningslova i dette tilfellet. Fylkeskommunen som forvaltar av fylkesvegen har rett til å uttale seg før dispensasjonsvedtaket, jf. plan- og bygningslova § 19-1, fordi vi er direkte berørt.

Fylkesveg 5506 Lerøyvegen er lagt i haldningsklasse 4 som lokalveg. I [rammeplan](#) for avkøyrsløse står det for denne haldningsklassen mellom anna at: «Godkjenning av ny avkøyrsløse kan normalt bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsla vert oppfylt.»

Krava til denne avkøyrsløse er gitt i reguleringsplan for Buholmen. Dersom avkøyrsløse er bygd i samsvar med reguleringsplanen, har vi ikkje merknader til at det vert gjeve dispensasjon. I vår saksbehandling nyttar vi vegbilde og Google Streetview, samt [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no). Det er dessverre ikkje vegbilde eller bilde frå Google på staden. Men ut frå ortofoto og basiskart, kan det sjå ut som avkøyrsløse er breiare ute ved fylkesvegen enn det som er regulert i reguleringsplanen. Det er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg med eit utflytande avkøyrsløsepunkt.

Vi ber kommunen stille vilkår i saka om at avkøyrsløsepunktet skal vere utforma i samsvar med plankartet. Dersom kommunen meiner de ikkje vil stille eit slikt krav, ber vi om ei grunngjeving for det. Det er også viktig at siktsonene til avkøyrsløse vert halde fri for sikthinder. Det betyr at det ikkje skal vere vegetasjon, terreng eller objekt som er høgare enn 0,5 m i siktsona.

Vi ber om å få oversendt dispensasjonsvedtaket til klagevurdering.

Med helsing

**Mats Korneliussen**  
leiar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

<b>Postadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>E-post</b>	<b>Heimeside</b>	<b>EHF-Fakturaadr.</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

